

Vedtatt – s. 2



Slutt? – s. 5



Siger – s. 22

# BOKN BYGDABLAD

Nr. 5 juni 2015 – Årg. 30





Festførestilling – s. 21

30 år

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN



# H A R RDFØRAREN RDET

*Kjære sambygding!*

**Fleirbrukshallen vedtatt!**

Mot eì stemme blei det i kommunestyremøtet den 16. juni vedtatt å byggje ny fleirbrukshall. I det same møtet blei også reguleringsplanen for området vedtatt. Dermed er dei siste naudsynte vedtaka gjort for at ein kan gå i gang med bygging av fleirbrukshall i Bokn.

Etter å ha vore med i planlegginga av dette prosjektet i snart åtte år, synest eg det er utruleg kjekt at spaden nå kan setjast i jorda. Arbeidet med å klargjera sjølve fleirbrukshalltomta har pågått sidan mai, og når forhandlingane med entreprenørane som har levert inn anbod er gjennomført og ein utbyggjar er vald, kan kontrakt signerast og arbeidet startast opp.

Prosjektet har vore lyst ut på totalentreprise med anbodsfrist 8. juni. Interessen har vore stor og mange firmaer har levert inn anbod. Avklaring av kva firma som skal tildelast oppdraget og naudsynte forhandlingar knytt til dette, vil ta nokre veker. Det blir tatt sikte på å teikna kontrakt med totalentreprenøren om lag 10. juli.

Kommunestyret har gitt rådmannen fullmakt til å inngå kontrakt med totalentreprenør for fleirbrukshallen innafor ei total kostnadsramme på kr. 38 millionar kroner. I denne kostnaden ligg allereie medgåtte og reknskapsførte kostnadar, inklusive kostnadar til erverv av eigedomar og byggemodning av tomta.







Den nye storstova blir på 2000 kvm og vil innehalda fullskala handballbane og eigen squashhall. I tillegg blir det tilrettelagt for både fotball, volleyball, badminton og basketball. Eit planlagt storkjøkken, og eit allrom på 84 m2 til 80 personar, inneber at det kan gjennomførast både bryllaup, bursdagar, konfirmasjon, seminar og kursverksemd.

Sjølve hallen blir innretta slik at han også vil fungera som ein kulturarena og skulen sin gymsal. Med sportsgolv, tribunar og god akustikk vil hallen fungere perfekt til konsertar og utstillingar, men også til større arrangement slik som 17. mai-feiring og juleavslutningar. Hallen skal på det meste kunne ta i mot 500 personar. I tillegg er det teikna inn eit møterom på 32 m2 og eit uteamfi plassert mellom hallen og idrettshuset.

Etter planen skal arbeidet med å bygga fleirbrukshallen starta opp tidleg på hausten og skal stå ferdig i august 2016. Allereie ved juletider vil ein kunne sjå at bygget tar form, og boknarane kan så smått begynne å glede seg til å ta fleirbrukshallen i bruk. Eg gler meg allereie!

Eg vil ynskja alle lesarane av Bokn Bygdablad ein god og nordavindsfri sommar!

*Ordføraren*

# Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015

## Listeforslag, kommunestyrevalet 2015 i Bokn

14. september 2015 skal der haldast kommunestyre- og fylkestingsval i alle kommunar i heile landet. Nokon kommunar held val over to dagar, 13. og 14. september, men i Bokn er valdagen fastsett 14. september.

Valtinget 14. september 2015 er på allrommet i kommunehuset Boknatun og har opningstid frå kl. 09.00 – kl. 20.00.

**Kven har røysterett ved kommunestyre- og fylkestingsvalet?**

**Norske statsborgerar som**

- vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret og som
- er, eller nokon gong har vore, folkeregisterført som busett i Norge, og som
- ikkje har mista røysteretten etter Grunnloven § 53.
- utanlandske statsborgarar som har stått ført inn i folkeregisteret som busett i Norge dei siste tre åra før valdagen eller
- er statsborgar i anna nordisk land og blitt folkeregisterført som busett i Norge seinest 30. juni i valåret
- For å utøve røysteretten må veljar vere ført inn i manntalet i ein kommune på valdagen.

Tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet og deira husstand har røysterett sjølv om dei ikkje oppfyller busettingskriteriet. Dersom dei ikkje nokon gong har vore registrert som busett i Norge, skal de i manntallsførast i Oslo kommune.

**Førehandsrøysting:**
Perioda for førehandsrøysting er frå 10. august fram til og med 11. september. Du kan førehandsrøyste i alle kommunar i landet.

I Bokn kan du førehandsrøyste i Servicetorget frå kl. 09.00 og fram til kl. 15.00, måndag til fredag i førehandsrøystingsperioda. Frå 17. august kan du også førehandsrøyste på kveldstid i Bokn folkebibliotek, mandag og onsdag frå kl. 16.00 til kl. 19.00.

**Tidlegrøystegjeving:**
Tidlegrøystegjeving er ein del av førehandsrøysteordninga og er aktuelt for dei:

*«Veljerar som oppheld seg innanriks, unntatt på Svalbard og Jan Mayen, og som ikkje kan gi røyst i perioden for førehandsrøystegjeving eller på valtinget, kan ta kontakt med kommunen og gje røyst frå 1. juli og fram til førehandsrøystegjevinga startar 10. august i valåret.»*

Du kan tidlegrøyste i Servicetorget frå 1. juli til 10. august.

Hugs legitimasjon og valkort ved førehandsrøysting.

**Kven skal du røyste på?**
Listeforslag over kandidatar til kommunestyret i Bokn i perioden 2015 -2019 blei innlevert 31. mars 2015 frå følgjande parti:

- Arbeiderpartiet
- Høyre
- Kristelig Folkeparti
- Senterpartiet

Valstyret i Bokn godkjente i møte 5. mai 2015 alle dei innleverte listeforslaga til kommunestyrevalet i Bokn 2015.

Dei godkjente listene er lagt ut til offentleg ettersyn i Servicetorget. Dei ligg også på Bokn kommune sine nettsider.

# Val av sokneråd i Bokn sokn, 14. september 2015

Kyrkjevalet 2015

**Det vil vere høve til tidlegstemmegjeving frå 1. juli og førehandsrøysting frå 10. august til 11. september.**

**Sjølve valdagen er det høve til å stemme frå kl. 09.00 til kl. 20.00.**

**Stemmelokalet vil vere same som til kommunevalet; Boknatun, Boknatunvegen 37.**

**I stemmelokalet vil ein finne lister til sokneråd og til bispedømmeråd.**

**Soknerådet/valstyret legg fram følgjande liste til val av sokneråd:**

**Kandidatar:**

| | |
|---|---|
| 1. Merete Alvestad | 1973 |
| 2. Magnar Are | 1952 |
| 3. Eivind Øvrebø | 1946 |
| 4. Anne Tove Øvrebø | 1976 |
| 5. Ingunn Grønnestad | 1972 |
| 6. Harry Vågshaug | 1954 |
| 7. Ingvild Håland | 1963 |
| 8. Liv Lie | 1954 |
| 9. Eva Moi | 1958 |
| 10. Ellen Nedrebø | 1963 |
| 11. Marita Svendsen | 1977 |

# 2 års jubileum

Jardar Havikbotn

**Mæland Bygg har vore på Bokn i to år og vidareført tradisjonen etter Bokn Bygg.**

- Me har blitt godt mottatt av mange kjekke kunder, seier dagleg leiar Jan Magne Mæland, og legg til at dei har hatt rundt 2,5 årsverk i bygda desse åra, mest rehabilitering, men også nybygg.

I anledning jubileet er alle samla på Hognaland, både gamle og nye eigarar, som Mæland kallar det.
- Ja, her ute går namna Mæland Bygg og Bokn Bygg om kvarandre, smiler han.

Det merkar eg også når eg ser jubileumskaka.
Han set stor pris på at gamlekara frå Bokn Bygg går i miljøet, og har også der det som skulle bli Bokn Bygg heldt til. Med seg hadde han Ståle Trosnavåg og Annbjørn Bokneberg. Bokn Bygg blei danna i 1981. Då blei også Magnus Grønnestad med.
Dei leigde Hognaland skule frå 1983, då begynte også Ingolf Are å jobba for dei. Firmaet kjøpte bygget i 1990, som altså blei selt til Mæland Bygg i 2013.



***NYE OG GAMLE EIGARAR:** Fv. Annbjørn* **Bokneberg,** ***Sigbjørn Mæland, Ståle Trosnavåg, Jan Magne Mæland, Alexander Mjølhus, Tor Henning Mæland, Ingolf Are, Magnus Grønnestad og Ottar Håland.***




***På Hognaland går namna Mæland Bygg og Bokn Bygg om kvarandre.***

nytte av dei.
- Annbjørn (Bokneberg) jobbar litt for oss, mykje med gamle kunder. Ståle (Trosnavåg) og Ingolf (Are) jobbar som sjølvstendig næringsdrivande, men kjøper alt materiale gjennom oss, fortel leiaren, og skyt inn at dei har fått mykje hjelp av dei gamle eigarane og hatt ein fin overgang.

**50 år i byggebransjen på Bokn**

Det er mykje bygg-erfaring samla på gamle Hognaland skule 11. juni. Ottar Håland (81) fortel at han hadde ei brakke på Håland i 1960-åra,

Karane frå Bokn Bygg er svært nøgde med at Mæland Bygg driv verksemda på Hognaland vidare på same måte som dei gjorde, og at dei vil halda fram med å gi eit enkelt og folkeleg servicetilbod til boknarane. Dei set stor pris på å gå i miljøet, og føler seg alltid heime.

- Det er akkurat som før, berre at me slepp papirarbeidet, smiler Annbjørn.

# Slutt for Bokn tannklinikk

Jardar Havikbotn

**Tannlegekontoret på Boknatun blir lagt ned og pasientane (ca. 260) blir overførte til Tysvær tannklinikk på Frakkagjerd.**


*23. juni var det heilt slutt med tannlege på Bokn.*

I morgon, 23. juni blir det flytta ut av kontoret for aller siste gong. Det har styret i Tannhelse Rogaland vedtatt på styremøte 9. april., då ein ny klinikkplan for perioden 2015 – 2019 stod på sakskartet.

Fylkestannlege Helene Haver beklager i eit brev at Bokn kommune ved ordførar ikkje blei informert om vedtaket. Vidare vurderer ho det slik at nemnte klinikkplan ikkje kan reknast som ei forskrift eller en endring av forskrift, og at det difor ikkje er krav til høyring etter fvl. § 37.

**Ordførar Kyrre Lindanger ristar på hovudet av vedtaket.**

- Framgangsmåten til fylkestannlegen er under ein kvar kritikk. Bokn kommune har ikkje fått noko tilsendt i denne saka – inga grunngjeving, ingen dokument. Det er eit viktig demokratisk prinsipp at berørte partar blir tatt med på råd eller blir høyrt før slike avgjerder blir tatt, seier han og konstaterer at boknarane framover må reisa til Tysvær for å få utført tannhelsetenester.

- Bokn har hatt eigen tannhelseklinikk i over 40 år. Eg fylgjer nå opp denne saka for å sjå om det er mogleg å gjera om vedtaket. Eg synest det er galt at boknarane ikkje skal få tilbod om tannhelsetenester i eigen kommune framover, avsluttar ein frustrert ordførar.

**Felles brev**

Styret i Tannhelse Rogaland FKF har også vedtatt at tannklinikkane i Bjerkreim og Kvitsøy skal leggast ned. Ordførar Kyrre Lindanger har vore i kontakt med ordførarkollegaene i desse kommunane, og dei har blitt einige om å senda eit felles brev til Rogaland fylkeskommune der ein krev at utflyttinga av tannlegekontora opphøyrer umiddelbart og der ein ber om eit møte med styret i Tannhelse Rogaland FKF rett over sommaren. Formålet med møtet er få ei grunngjeving for avgjerda om nedlegging, men også for å prøva å gjera om vedtaket.

# Ikkje tatt til følgje

Jardar Havikbotn

**Klagen frå Ap sin ordførarkandidat på Bokn valstyre si godkjenning av listeforslag til kommunestyrevalet 2015 blei avvist i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.**

Departementet har ikkje heimel til å overprøva folkeregisterstyresmaktene si tolkning av regelverket. Vedtaket til valstyret i Bokn 6. mai om å godkjenna Høyre si liste er difor gyldig.

Dette går fram av eit brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 19. juni. Departementet si avgjerd kan ikkje påklagast.

Eiliv Staalesen sin dispensasjon frå Skatt Vest om å framleis stå registrert i Bokn og vera politikar i Bokn er bindande for valstyresmaktene, og dei kan ikkje treffa andre avgjerder når det gjeld busetting og dermed kor ein skal reknast å ha røysterett og vera valbar, heiter det i brevet.

Valstyret i Bokn godkjende vallistene 5. mai. Dagen etter fekk kommunen inn klage på vedtaket. Klagen gjaldt 1. kandidaten på Høyre si liste. Klagen var frå åtte personar, kor sju seinare trekte ut namna sine. 9. juni vedtok Bokn valstyre med fem mot to røyster å ikkje ta klagen til følgje og saka gjekk til departementet.

# Sommarkampanje

Jardar Havikbotn

**I Havnavegen i Alvestadkroken har Olav Askeland i Askeland Eiendomsutvikling AS sitt leilegheitskonsept. Han har eit håp om å selja 3-4 husvære i 2015 og slår nå til med ein sommarkampanje.**




*Olav Askeland framfor tomta i Havnavegen.*

Me slo av ein prat 12. juni, ved tomta der det kjem fire bygg - to med leilegheiter på 60 m2 og to på 75m2. Han fortel at ein er selt og det er mange interesserte til desse husa.

- Fleire unge boknarar har vore i Slåttevik og sett på leilegheitene, og dei likte godt det dei såg, seier byggmeisteren, og legg til at folk, både unge og gamle som er i tvil er velkomne til å ta ein kikk inn i ein bustad på Slåttevik.

Og der er det mange av dei, heile 60 stk til nå. Mange unge, av begge kjønn, kjøper dei på 60m2 og fleire eldre dei på 75 m2. Sistnemnde leilegheiter har større soverom og stove.

- Dei som vil ha fleire enn to soverom får kjøpa i Fyrvegen, seier Askeland, og presiserer at dette ikkje er einebustader, men leilegheiter.

**- Bustadkjøp er den beste sparinga**

Han vil hjelpa dei unge som har lyst til å bu på Bokn, inn på bustadmarkedet, og tilbyr fornuftige prisar i ei tid med historisk låg rente.




*Soveromma og stova har blitt større i leilegheitene på 75 m2.*

- Du betaler til deg sjølv og mulegheita for verdistigning/gevinst er stor når du en gong evt. skal selja med tanke på kva som skal skje framover med Rogfast. På tre år kan du spara 100.000 kr., meiner han.

Han fortel at nokon er opptatt av at leilegheitene ikkje er husbankfinansierte. Av dei 60 bustadene på Slåttevik er det berre to som er husbankfinansierte. Mange nyttar seg derimot av startlån, noko Bokn kommune også har tilbod om.

- Det er også mykje meir flexibelt med lån i bank og renten er som nemnt svårt låg, meiner han.

Han nemner også forskjellane i straumutgiftene på nye og t.d. 15 år gamle bustader. Iflg. Askeland er det billigare å bu i eit nytt hus med tanke på mnd. utgifter.

Det må seljast 3-4 husvære før det blir byggestart, og med håp om å begynna snart har han gåande ein sommarkampanje med at kjøparar får gratis kvitevarer (35.000), interiør (3.000) og eitt år med Altibox (5.000) i kontrakten.

Så gjenstår det å sjå når det kjem hus opp på tomta i Havnavegen.

# Sommersprell frå Bokn IL på marknadsdagen 11. juli

**Bokn IL gir seg ikke med påfunn for å skape lått og løye i tillegg til et sosialt fellesskap under marknadsdagen!**

**Hønebingo**
I år stiller Anette Våga med sine eminente høner og muligens en hane og lager hønebingo! Kunsten går ut på å tippe på forhånd i hvilken rute hønene skiter.....



Ellers blir det salg av kaffi, mye god hjemmebakst, fiskesuppe, grøt og grilling.

Inntektene går uavkortet til å støtte opp om Bokn IL sitt arbeid for barn og ungdom, og folk må ta med seg mye mynt! Det blir dessverre ingen betalingsterminal i kafe'en.

**Støttespillere**
Idrettslaget jobber for en aktiv og trygg tilværelse og et godt nærmiljø med sunne og positive verdier, som bl.a. idrett og glede, samhold og kameratskap, lagånd og talentutvikling. Men for at dette arbeidet i lokalsamfunnet skal kunne fortsette trengs det også flere støttespillere. Idrettslaget ønsker seg derfor flere aktive og trenger flere tippere som sender sin grasrotandel til de. Er en ikke medlem, oppfordres en til å bli støttemedlem og betale 100 kr i kafe'en denne dagen! Idrettslaget får støtte fra kommunen og fylke utifra hvor mange medlemmer de har…..

Velkommen til en lekende, sosial og trivelig kafe' på sommermarknaden!

**Tautrekking med båt**
Det blir også ny konkurranse, og i år skjer det i det våte element!
Men det skal godt gjøres å bli våt likevel; det arrangeres turnering etter utslagsmetoden i tautrekking med båt! Det blir to identiske båter, hvor en sitter i hver båt og trekker mot sitt mål – til den ene vinner. Så blir det semifinaler, før vinneren kåres i en finale.

**Påkledning**
Det blir også premiering for mest iøynefallende påkledning og en oppmerksomhet til alle som deltar. Alle fra 12 år og oppover kan delta og første premien er som i fjor, kjempeflott!

Etter at damene imponerte og virkelig stjal showet på stilletthæler i fjor, går utfordringen i år spesielt til alle mannfolk i Bokn; sett sjøbein, ta sjansen, dette er noe alle Boknerane kan!? Så gjenstår det og se hvem som er mest vågale….

-og hvem vet kanskje det også dukker opp en flaskepost eller to?!

**Kr 100 v/forhåndspåmelding og kr 150 v/start.**

**Påmelding :** post@boknil.no

**Kontonr: 33733003001, hvor innbetalingen merkes med navn.**

**Sjå også s. 37**

**- red. mrk. -**

Serie av
Birger Lindanger

# Med båt til Bokn

## Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord

## *Tonjer og Tre Måker*

**_Ms Tonjer:_ Frå Krogjen til Napoli**

Straks etter den andre verdskrigen auka det raskt på med bilar, og som me såg, tok Det Stavangerske Dampskipselskap sommaren 1947 med M/F Haugesund initiativ til ei bilferjerute mellom Stavanger – Bokn – Kopervik og Haugesund.

Sjølv om det var DSD som starta, delte selskapet ruta med HDS slik at det fyrste segla fire dagar i veka og det siste selskapet tri frå 30. mai til 30. september.

HDS kjøpte då – i 1947 – 43 år gamle Landanes til føremålet. Og medan DSD gjekk innom Føresvik, hadde HDS Alvestadkroken som stoppestad.

Men biltrafikken auka på, og Landanes var på ingen måte noka bilferje. Dette kom DSD til gode. For å få del i bilalderen, tinga difor HDS våren 1953 ei bilferje ved Stord Verft. Ho romma ti personbilar og tok 308 passasjerar. Den nye ferja skulle vera ferdig i november og HDS søkte difor



*Landanes sig til kaien i Alvestadkroken i 1950.*

Samferdselsnemnda for eigen del om konsesjon også for vinteren. DSD protesterte på si side mot å bli fråtatt konsesjon på ruta sidan det var dette selskapet som hadde teke initiativet til henne.

Dei to fekk likevel framleis dela konsesjonen, og 11. november 1953 kunne HDS ta over Tonjer, som ferja blei døypt. Bildekket var bak med bilportar på kvar side og svingskive midt på dekket. Frå starten gjekk ferja innom Alvestadkroken og på laurdagane også Tåganes på Austre Bokn.

Etter bare eit par år, fann selskapet ut at båten var litt snau, og i 1955 blei han forlenga. Så mykje dramatikk var det ikkje i den tida Tonjer segla innom Bokn. Einast 1960 var eit litt spesielt år. Fyrst 20. juli 1960 då eit hurtigruteskip rende i båten ved kai i Bergen og sidan 26. desember då




*Tonjer i 1954 og før forlenginga. Båten gjorde ein fart på 14 knop.*



*Tonjer etter forlenginga.*

Tonjer blei pårend av godsruteskipet Corvus, denne gongen ved kai i Stavanger. Fyrste gongen var det ikkje verre enn at skipet kunne halda fram i ruta, andre gongen var støyten så kraftig at båten fekk lekkasje og laut på verkstad.

Nett i 1960 blei også bilsalet sleppt fritt. Bilparken nærast eksploderte og behovet for bilferjekapasitet med den. Vinteren 1964 tinga difor Jøsenfjord Rutelag ei ny og større bilferje hjå Brødrene Lothe AS i Haugesund. Bak denne tinginga sto eigentleg eigarane til HDS som akta å leiga denne båten inn for å ta over ruta etter Tonjer. Den nye båten blei sett i rute i juni 1968 og Tonjer gjekk då i opplag.

I desember 1969 blei så *Tonjer* seld til firmaet Maregiglio de Navigazione i Leghorn i Italia der ho blei sett i rute mellom Orbetello og øya Porto Giglio noko nord for Roma. Samstundes blei ho omdøypt til Giglio Espresso. Båten gjekk i denne ruta fram til 1988 då Uaine Navigagazioni i Napoli kjøpte fartøyet. Der segla det til i 1997 mellom Napoli og øya Procida utanfor Napoli. Der sokk altså gamle Tonjer på grunt vatn, men blei heva og hogd opp kort tid etter.

***Mf Tre Måker*: Balje frå Boknasundet til Gulehavet**

Som nemnt blei *Tre Måker* kontrahert og eigd av Jøsenfjord Rutelag, men leigd ut utan mannskap til HDS. Bakgrunnen var at Knutsen O.A.S. kontrollerte Jøsenfjord Rutelag og åtte også 40% av aksjane i HDS. Ferja tok over ruta etter *Tonjer,* men kunne ta 30 bilar mot dei ti som den førre ferja romma. Ruta blei då sett opp slik at båten gjekk innom Bokn klokka 9,50 på sør og kl. 17,45 på nord. Ho blei sett i fart i mai 1964 og med den same marsjfarten som forgjengaren.

Sjølv om *Tre Måker* hadde tri gonger så stor kapasitet som *Tonjer,* var ferja




***I 1999 havarerte Gigilio Espresso – tidlegare Tonjer – på grunt vatn utanfor Napoli.***



***Tre Måker i fart ein gong midt i 1960-åra.***




***Ved kai i Åland i Finland.***

eigentleg for lita og utdatert frå starten. Dei moderne riksvegferjesambanda føresette korte fjordkryssinga og langt større ferjer. Ferja var også kjend for å vera ein særs dårleg sjøbåt og berykta for å slingra jamvel ved nokså smul sjø. Det førde til at ho mann-og-mann i mellom stundom blei kalla *Tre Kråker.*

Då DSD i 1970 opna det mykje kortare Skudenessambandet, var tida stort sett ute for *Tre Måker.* I august 1972 gjekk ho i opplag ved Hasseløy og i august året etter blei ho seld til *Rederi – AB Sirnek* i Mariehamn i Åland i Finland. Her blei ho sett i rute mellom Långnäs på Åland og Turku på fastlandet i Finland. Samstundes blei ferja døypt om til *Tre Måsar.*

Sidan gjekk ho i fart her meir eller mindre fram til ho i januar 1991 blei seld til eit reiarskap i Svendborg i Danmark kor ho blei døypt *Stevens Cruiser.* Etter Danmark, fekk *Tre Måker* ei nokså eksotisk tid. Fyrst hamna ho i 1995 i Kingstown på St. Vincent for å gå i fart i Karibia, nå under namnet *Viking Alize*. I 2006 blei ho seld til Madagaskar og same året vidare til Vietnam heilt til ho i juni 2011 enda i Boulogne i Frankrike.




***Tre Måker som Alize Explorer i Boulogne, Frankrike.***

# Endringar i skuleleiinga frå 1. august

Jardar Havikbotn

**Frode Lindanger blir undervisningsinspektør medan Stein Magnar Gjerde går over i stilling som IT-sjef for Bokn kommune.**



Frode Lindanger har eitt år bak seg på Bokn skule, der han har jobba med norsk og spesialundervisning. Han har også hatt vaksenopplæringa, som han også skal fortsetta med til hausten, ved sida av undervisningsinspektør-stillinga.

Frode er svært språk- og musikkinteressert, og han har mellomfag i nordisk og musikk, ved sida av programproduksjon og pedagogikk. Han har arbeidserfaring som musikklærar i Oslo, rektor og lærar i Vindafjord kulturskule, musikkansvarlig på college i New Zealand og musikklærar på Håvåsen skule. I tillegg har Frode vore songlærar og kordirigent for fleire kor. I dag er har dirigent for Aksang i Aksdal. Han har også drive eiga bedrift kor han produserte noter for ulike forlag og artistar i Noreg.

Stein Magnar Gjerde har vore lærar i Bokn sidan hausten 1995. Sidan 1999 har han vore systemansvarlig for ulike fagsystem på skulen, i tillegg til planarbeid og opplæring. Til jul 2014 blei han ferdig med ein mastergrad innan IKT, og gler seg til å tiltre i ny stilling som IT- sjef i kommunen. Stillinga blir delt mellom Boknatun og skulen, med hovudvekt på Boknatun.

Stein Magnar sin faglege bakgrunn er språkfag og historie frå Høgskulen i Stavanger.

Wenche L. Havikbotn er rektor. Ho har vore tilsett i denne stillinga sidan 1. mars i år. På Bokn skule har ho tidlegare vore undervisningsinspektør og konstituerande rektor. Ho har fireårig lærarskule med hovudvekt på matematikk og spesialpedagogikk - vidareutdanning i norsk og går nå på rektorskulen, som er avsluttande til hausten. Forutan å ha 20 år bak seg på Bokn skule har Wenche også jobba på skulane i Hervik og Tysværvåg.

**Natt til søndag 12. april døde Olav Sigurd Øvrebø hjemme, 85 år gammel.**

Han ble født i Øvrabøvågen som eldst av sju søsken, hvorav seks vokste opp. Alle søsknene dro ut og bosatte seg etter hvert i sør-fylket. Olav utdannet seg først til båtbygger oppe i Nordtveit i Hordaland. Kunnskapen og interessen for båtbygging holdt seg gjennom hele livet, selv om det bare var den første tida etter Nordtveit at han praktiserte utdannelsen sin i farens båtbyggeri på Bokn.

På slutten av 50-tallet flyttet han til Stavanger og tok til i bygningsbransjen, der han ble i over 15 år. Da begynte han som snekker og vaktmester på Ulsnes, Marinen sitt anlegg. Der ble han til han gikk av med pensjon.

Olav var både pliktoppfyllende og dyktig i alt sitt virke. Ikke minst fikk han uvanlig god kontakt med arbeidskollegaene sine der han var. Det var i tida som båtbygger at han traff si Else fra Dagsland. I 1956 stod bryllupet og etter et par år flyttet som nevnt familien til Stavanger. Her bygde de et godt hjem sammen for seg og barna Astrid og Elisabeth.

Han var en trofast og snill ektefelle. En god far som stadig tok barna med på båtturer. Det var hver helg fra påske til langt ut på høsten. Det finnes nesten ikke en vik i Ryfylkefjorden som ikke ble besøkt. Olav var sosial og hjalp gjerne andre med sin



kunnskap om båtbygging. I tida på Hundvåg var det derfor hele tida folk innom for å få assistanse til å lage sin egen båt.

Olav ble med i skytterlaget på Madla og viste seg å være en god skytter. Hjemme i stua står det mang en pokal for god innsats. Skytinga brakte han og inn i jaktlivet, og hver høst tilbrakte han mange dager i fjellheimen med gevær.

I 1996 sluttet Olav i yrkeslivet og familien flyttet tilbake til Bokn. Også den tida som fulgte ble mye fylt med båtliv. Et godt råd om båtbygging satt aldri langt inne hos Olav og han var grundig. Da barnebarnet Tommy fikk ei snekke så måtte han plukke motoren tre ganger fra hverandre for å sette den sammen igjen, bit for bit.
- Kan du dette nå?, spurte Olav.
- Ja, nå kan jeg det, svarte Tommy.

Ved siden av båtlivet har barnebarn betydd mye for han. Etter hvert ble det fire barnebarn. Oddbjørn, Katrine, Merete og Tommy, seinere to oldebarn; Emilie og Oline. Alle fikk en stor plass i hjertet hans og han i deres. Svært tungt ble det da Tommy gikk bort, men han kom seg videre.

Olav har hatt god helse gjennom hele livet. For noen år siden fikk han kreft. Den har lenge vært stabil, men i vår har det gått fort nedover. Alle gode minner tar vi med oss videre i det vi lyser fred over hans minne.



*Foto: Kjetil Hamre*

***Hjertelig takk*** *for all deltagelse og blomsterhilsener ved vår kjære Olav Øvrebø sin bortgang.*

***Familien***

# Innsamlingsaksjon, Internasjonalt samarbeid

Jardar Havikbotn



*Valfaggruppa Internasjonalt samarbeid avslutta innsamlingsaksjonen sin 3. juni.*

**SOS-barnebyer har fått 8.232 kr. frå Bokn til arbeidet sitt med jordskjelvramma barn i Nepal. Det har valfaggruppa Internasjonalt samarbeid på skulen sørga for.**

I byrjinga av juni avslutta dei ein månad lang innsamlingsaksjon. I tre dagar har dei seld smoothie på skulen. Dei har hatt kaffisal på Are og vaffelsal på butikken i Føresvik. I tillegg spurde Valfaggruppa Sal & Scene dei om å hjelpa til med sal av vaflar, kaffi og saft i samband med førestillinga si 3. juni. Det kom inn godt med pengar denne dagen også.

- Elevane har vist imponerande stor innsatsvilje og har vore nøgde med å kunne hjelpa andre, seier lærar Frode Lindanger, som vil retta ein stor takk til alle som har medverka til aksjonen!

**Eit flott tiltak frå flinke elevar!**

# Tur til Vikinggården

Anne Ottem

Også i år reiste vi til Vikinggården med førskolebarna. Vi så på vikingkamp, og rodde i vikingbåt. Det var ganske hardt arbeid, men vi fikk det til …

Når pølse i brød til lunsj var unnagjort, var vi med på aktiviteter som pil og bueskyting, hesteridning, og vi fikk høre fortelling fra vikingtiden. (Vikingeventyr).

Til slutt rusla vi rundt å snakka med «vikingene», og det var veldig interessant.

Vi hadde flott vær heile dagen, og avslutta med en is til hver.









# Utelivsveke

Anne Ottem

**I uke 16 ble nok ei velykka utelivs-uke gjennomført i barnehagen.**

Vi delte de største barna in i fire grupper, og gikk på turer til forskjellige plasser.

Tirsdag, onsdag og torsdag var vi i speiderskogen. Det er alltid populært å kjøre med kommunebussen. Noen var på nærmiljøanlegget, og fikk boltre seg på den nye fotballbanen – det var også veldig kjekt.

De andre gruppene var på naturstien, Lamparhaugen og andre plasser i nærheten av barnehagen. Det regnet ganske mye de første dagene i uka, men vi avslutta på fredagen med kjempefint vær og hinderløype inne i barnehagen.

I lavvoen hadde Tone musikk og -eventyrstund.

All ære til det flotte personalet vårt som legger ut på tur i alt slags vær...

**Hilsen styreren**














# Vårturer

I vår har vi vært mye på litt lengre turer, fordi vi nå bruker kommune-bussen. Det har vært turer til vann, og til topper både på, og i nærheten av Bokn-øya.

Det er kjekt at vi nå kan ta litt lengre turer, og det å kjøre i buss er en opp-levelse i seg selv.

Her er noen glimt fra turene i vår.

**Hilsen barnehagepersonalet.**











Forvaltningsstyremøte 28.04.2015, sak 014/15

**Boligfeltet Fyren - Praktisering av reguleringsføresegner.**

**Forvaltningsstyret vedtok mot 2 røyster frå AP mot følgjande endringar i planbestemmelsar:**

§ 7 Fri takform. Tillatt maks/ total høyde på bolig er 6,5 m. Tillatt maks/ totalhøyde på frittliggende carport/ garasje er 3,5 m. Tillatt bebygd areal % BYA=50%.

§ 11 og § 12 som vedkjem område for frittligjande småhus, har i gjeldande vedtekter ordlyd som fylgjer:

*§ 11 Innenfor området tillates det oppført frittstående enebolig m/tilhørende carport/garasje.*

*Sekundærleilighet kan tillates.*

*Tomt 1-3. Bebyggelsen skal ha saltak. Mønet skal følge bygningens/tomtens lengderetning.*

*Tillatt maks mønehøyde på enebolig er 6,5 m, tillatt maks gesimshøyde på enebolig er 4,0 m.*

*Tillatt maks mønehøyde på carport/garasje er 3,5 m.*

*Tomt 4-8. Bebyggelse skal ha flatt tak. Tillatt maks gesimshøyde på enebolig er 6,5 m. Tillatt maks gesimshøyde på carport/garasje er 3,0 m.*

*§ 12 Bebyggelsen skal ha en helhetlig utforming. Frittstående carport/garasje kan være 35 kvm og skal tilpasses bolig i form/utførelse.*

*Tillatt bebygd areal er % BYA= 35%.*

Etter vedtaket blir ny ordlyd som fylgjer:

§ 11 Innenfor området tillates det oppført frittstående enebolig m/tilhørende carport/garasje.

Sekundærleilighet kan tillates.

Tomt 1-8. Fri takform. Tillatt maks/ total høyde på enebolig er 6,5 m. Tillatt maks/ total høyde på carport/garasje er 3,5 m.

Tillatt bebygd areal er % BYA= 35%.

§ 12 Bebyggelsen på hver tomt skal ha en helhetlig utforming. Frittstående carport/garasje kan være 35 kvm og skal tilpasses bolig i form/utførelse.

---

Forvaltningsstyremøte 28.04.2015, sak 015/15

**Meldingssaker til forvaltningsstyremøte 28.04.2015.**

**Forvaltingsstyret vedtok:**

Meldingssakene blei tatt til orientering.

Forvaltningsstyremøte 03.06.2015, sak 020/15

**Reguleringsplan Fyrvegen - endring av reguleringsføresegnene**

**Forvaltningsstyret vedtok med 3 røyster frå AP mot:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til endring av føresegnene til reguleringsplanen Fyrvegen, dagsett 18.05.2015, vedteke sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

---

Forvaltningsstyremøte 03.06.2015, sak 022/15

**Gnr. 2 bnr. 15 - Bente Vaage- tilbygg til garasje - klage på dispensasjonsvedtak**

**Forvaltningsstyret vedtok med 2 røyster frå AP mot:**

Bokn kommune finn ikkje at klage dagsett 15.12.2014 frå Fylkesmannen i Rogaland inneheld nye opplysningar eller argument som ikkje var kjent då det vart gjort vedtak i sak 049/14.

Kommunen heldt derfor fast på vedtaket i sak 049/14.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Rogaland for endeleg avgjerd.

---

Forvaltningsstyremøte 03.06.2015, sak 023/15

**Gnr. 11 bnr. 98 - Marit og Halvard Nilsen - utlegging av utriggar - klage på vedtak.**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

1. Forvaltningsstyret finn ikkje at klage frå nabo dagsett 23.03.2015 inneheld opplysningar og argument som ikkje var kjent då det vart gjort vedtak i sak 043/15.

Forvaltningstyret held derfor fast på vedtaket i sak 043/15.

2. Saka vert sendt fylkesmannen i Rogaland til endeleg avgjerd.

---

Forvaltningsstyremøte 03.06.2015, sak 024/15

**Gnr. 11 bnr. 309+185 - Stangeland Rune Eiendom AS - tilbygg og påbygg lager/industribygg – dispensasjon.**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå stadfesta reguleringsplan med føresegner og frå avstandskravet i § 29-4 i plan-

og bygningslova for oppføring av tilbygg og påbygg på lager/industribygg slik som det er søkt om.
Det er lagt vekt på at utbygginga ikkje vil hindre tilkomst til regulert kaiareal nordafor den aktuelle eigedomen, og tiltaket elles ikkje vil føre til at omsynet som ligg bak lova og planen med føresegner vert sett vesentleg til sides.

Det vert i samband med dette lagt vesentleg vekt på at regionale styresmakter ikkje har merknader til saka.

Føremona med å gje dispensasjon vert vurdert som klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

---

Forvaltningsstyremøte 03.06.2015, sak 025/15

**Tildeling av hjorteløyver 2015.**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med den endring at kvoten i kvart vald vert redusert med ein kalv.

Forvaltningsstyret ber rådmannen om å gjera ei grundig vurdering av bestand og fellingskvoter før neste års kvotetildeling.

---

Forvaltningsstyremøte 03.06.2015, sak 026/15

**Meldingssaker til forvaltningstyremøte 03.06.2015.**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

Meldingssakene blei tatt til orientering.

---

Forvaltningsstyremøte 03.06.2015, sak 027/15

**Søknad om dispesasjon for riving av bestående hytte og oppføring av ny-GNR.11 BNR80.**

**Forvaltningsstyret vedtok:**

Med hjemmel i PBL§19-1 dispenserer forvaltningsstyret fra PBL§8-1 for riving av bestående hytte på gnr.11 bnr.80 og oppføring av ny fritidsbolig med tilsvarende størrelse og samme plassering.





Formannskapsmøte 05.05.15, sak 021/15

**Søknad til KMD`s byregionsprosjekt fase 2 - hovedprosjekt.**

**Formannskapet vedtok**:
Bokn kommune stiller seg bak ein søknad til Kommunal- og moderniseringsdepartementets Byregionprogram, fase 2.
Bokn kommune gir si tilslutning til val av tema som blir prioritert i fase 2;
o Samhandling
o Attraktivitet
- Haugesund kommune står som formell søkjar.
- Haugaland Vekst regionråd held fram som styringsgruppe i byregionprogrammet, fase 2.
- Haugaland Vekst er prosjektansvarleg og utnemner prosjektleiar.
- Rådmannen utnemner ein person i administrasjonen som er kommunen sin representant i arbeidsgruppa i fase 2.

---

Formannskapsmøte 05.05.15, sak 024/15

**Leksehjelp skuleåret 2015/2016**

**Formannskapet vedtok:**

1. Formannskapet vedtek at Bokn kommune skal gje tilbod om gratis leksehjelp for elevar i 5. – 8. trinn.

2. Formannskapet vedtek at leksehjelpa skal organiserast med personalet utan krav til lærarutdanning.

---

Formannskapsmøte 05.05.15, sak 026/15

**Etablering av breiband for Bokn kommune.**

**Formannskapet vedtok:** Rådmannen får fullmakt til å iverksetja nødvendige tiltak. Tilbakemelding til formannskapet i juni.

---

Formannskapsmøte 05.05.15, sak 029/15

**TRIAL - Søknad om bruk av kommunale områder.**

**Formannskapet vedtok:**
1. Pluggen MK får disponera dei kommunale områda lerkeskogen og fasilitetar på Kyrkjebygd til trialaktivitetar frå 01.01.16.

2. Pluggen MK kan nytta hytta i skogen kostnadsfritt.

## Formannskapet framhald

Formannskapsmøte 05.05.15, sak 030/15

**Orientering om bemanningssituasjonen skule/barnehage 2015 v/ kommunalsjef tenester.**

**Formannskapet vedtok:** Orienteringa blei tatt til etterretning.

---

Formannskapsmøte 09.06.2015, sak 040/15

**Søknad om støtte frå Bokn næringsfond.**

**Formannskapet vedtok:** Rådmannen sitt forslag til støtte frå næringsfondet til søkjar blei vedtatt.

---

Formannskapsmøte 09.06.2015, sak 042/15

**Stiftelsen Polytec – reviderte vedtekter til høring.**

**Formannskapet vedtok:**

Forslaget til reviderte vedtekter for Stiftelsen Polytec blei godkjent.

## Tilskuddsportalen

**Gode idear og prosjekt +Tilskuddsportalen=Mykje kjekt!**

Frivillige lag og organisasjonar i Bokn kommune har no fått eit nytt verktøy for enklare å finna fram til støtte- og tilskuddsordningar. Bokn kommune tilbyr no tilgang til Tilskuddsportalen for samtlege frivillige lag og organisasjoner i kommunen – heilt gratis.

**Enkelt å bruka**

Tilskuddsportalen er enkel å bruka og lett å finna fram i. Inne i portalen kan ein:

-Få ei fullstendig oversikt over tilskuddsordningar etter tema

-Foreta fritekstsøk etter tilskuddsordningar

-Lese nyheiter om tilskudd

-Fylgje med på kommande søknadsfrister i kalenderen

**Tilgang til tenesta**

Brukaren får tilgang til Tilskuddsportalen ved å ta kontakt med samfunns og utviklingsjef Anne Elisabet Askeland. Meir info om Tilskuddsportalen vil verta sendt ut til alle frivillige lag og organisasjonar like over sommaren, men skulle du ha noko på hjartet før det så ta gjerne kontakt via mail anne.elisabet.askeland @bokn.kommune.no eller pr. telefon 95945908.

**www.tilskuddsportalen.no**

Serie

# *Eg seie meg så*

Birger Lindanger

Nok ein gong slo Andor til og var hakket kvassare enn dagsentergjengen. Men at "bamlå" betydde magasjuka og at "småteranes" betydde å vera beskjeden, det blei for vanskeleg for begge partar. Likevel er det imponerande kva de framleis kjenner til av gammal boknakultur.

**Forklaringane:**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | bamlå | magasjuka |
| 2. | ei fema | overferd |
| 3. | småteranes | smålåtne |
| 4. | slåvatn | pøsregn |
| 5. | eit fjom | noko inkjevetta lite, eit grann |
| 6. | å fleggja | å le |
| 7. | å sampa seg | samla seg |
| 8. | å vera udregjen | om klede, reg ut |
| 9. | ein vongse | nedre delen på plogen |
| 10. | ei klimpa | mjølbolle i kjøtsuppa |

**Månadens uttrykk, kva betyr**

1. halasta
2. eit hattafåg
3. å prikkevera seg
4. å barka opp
5. å skompla
6. å oga
7. ein pannerivar
8. ei nikkepumpa
9. kveggjor
10. høvre

**Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 12. august.**

**Resultat:**

| | |
|---|---|
| Andor Borgenvik | 8 poeng |
| Dagsenterdamene | 7 poeng |

**God sommar!**

Nok ein gong takkar me Helge Laupland for gode forslag og håpar at lesarane med dette får noko å bryna seg på. Og til de som prøver dykk på gamle boknauttrykk: Lukke til!

# Ei livsviktig brannøving

Jardar Havikbotn

**16. juni hadde Bokn brannvesen ei god brannøving då huset på fleirbrukshall-tomta blei brunne ned.**

Det var stor interesse i bygda for denne hendinga og 60-70 personar hadde tatt turen. Dei ivrigaste var der kl. 17.00, då øvinga begynte, sjølv om det var varsla at huset sannsynlegvis var overtent nærmare kl. 20.00.



---

***Kl. 18:35 - den første gruppa med røykdukkarar gjer seg klare til å øva når det blir sett fyr.***

---

Varabrannsjef i Tysvær og Bokn, Kjetil Staveland, kalte øvinga livsviktig då eg snakka med han minuttane før pipa for i bakken. Han var svært nøgd med den realistiske øvinga.

- Ute blei det øvd på slangeutlegg og tilkobling til tankbil, inne etter sakna personar og brannutvikling, sa han.



---

***Kl. 19:03 - Tor Harald Alvestad (tv.) og Kaj Arne Christiansen er veldig fornøgde med den nye brannbilen. Kjetil Staveland fortalde at dei er veldig glade for at dei får leiga ein brannbil som er oppdatert og til å stola på med hensyn til vassforsyning, framkommelegheit og tryggleik for mannskapa. Utan slikt utstyr er det vanskelig å driva trygg livreddande innsats i brannar.***

---



*Foto: Bokn brannvesen*

***Øvinga inne i huset under brannutviklinga var veldig realistisk og nyttig, sa Kjetil Staveland. Han fortel at bildet er frå då brannen hadde utvikla seg godt i stova. Her ser me at det har brunne hol i platene framfor vindauga, slik at brannen får frisk luft. Før dette hadde det vore rimeleg røykfylt og stor forskjell i sikt inne.***

---

Ein del av røykdukkarane til Bokn brannvesen, som også hadde fått med seg to frå Tysvær, øvde med to markørar i begge etasjane i huset. Då det blei tent på, blei dei sju røyk-





*Kl. 19:28 - Den første flammen viser seg på utsida, medan det framleis blei øvd inne i huset.*

*Kl. 19:44 - elden har fått godt tak.*

dukkarane delte inn i to puljer. Dei var inne rundt ein halvtime kvar.

**Ikkje for kven som helst**

- Her fekk me på ein god måte sjå korleis ein brann utviklar seg. Brannen blei fleire gonger sluppe laus til "feste", og som plutseleg berre var der.

Tidlegare brannsjef i Bokn, Hans Faye, som også stod og såg på, fortalde meg at dette er gassar (røykskyer) som blir antende når temperaturen i rommet kjem opp i ca. 800 grader.

Etter øvingane blei brannen overlatt til seg sjølv, og brannvesenet kunne roleg stå og sjå på og kontrollera at huset brann ned til grunnen.



*Foto: Hans Faye*

*Mange stod og såg på bak gjerdet i vest.*



*Kl. 19:55 - full overtenning.*

eit visst nivå før me tok han ned igjen. Øvinga handla om observering, kontrollering og å bli kjent med temperaturen, full av adrenalin, seier Kjetil Staveland, som skryt av mannskapet i Bokn brannvesen.

- Det var varmt, ja, skyt brannmann John Øvrebø inn.

Også Frank Karoliussen hadde også vore inne i huset då det brann. Han var fasinert over flammar som dansa langs veggane, utan tilsynelatande



*Foto: Hans Faye*

*Brannfolka hadde alt under kontroll.*

Bokn leiger ein ny og topp-moderne brannbil. Påpassarane Kaj Arne Christiansen og Tor Harald Alvestad kunne ikkje skryta nok av farkosten.

Ein liten halvtime etter at varabrannsjefen hadde inspisert området og Odd Grønnestad m.a. hadde hjulpe til med å få ned pipa, blei tomta forlatt.

**- Ikkje forsøk deg på liknande!**

Varabrannsjefen merka seg at hendinga hadde mange tilskodarar, deriblant ein del barn, og nytta anledninga til å seia at dette var ein farleg aktivitet som det blei gjort mykje risikovurderingsarbeid på i forkant av øvinga.
- Privatpersonar uansett alder må ikkje forsøka seg på liknande, avslutta han.



***Kl. 21:09 - huset har brunne ned til grunnen og pipa går i bakken, 1 time og 41 min. etter at den første flammen viste seg på utsida av huset.***

***Det kjem fleire bilde frå øvinga på bygdabladet.no***

## Kulturmidlar 2015

**Bokn formannskap fordelte i møte 9. juni årets kulturmidlar.**

Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte.

**Kr. 150.000 blei fordelte slik:**

Gatebilklubben, Speidarane og Musikkorpset fekk det dei søkte om. Båtforeningen, Røde Kors og Skyttarlaget fekk det same som i fjor. Bedehuset, Historielaget, Mållaget og Pensjonistforeningen fekk ei auke i støtta si. Bokn idrettslag fekk ein støttereduksjon. Sykkelklubben fekk oppstartsmidlar.

**§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak:**

Søkarar

- Bokn båtforening - Gjestehamn/allmenning, moloen i Hålandssjøen
- Bokn Røde Kors - Innkjøp av Baby-Anne dukker til førstehjelpsundervisning for spedbarn og yngre barn.

§7-midlane gjekk til Bokn båtforening: Gjestehamn/allmenning, moloen i Hålandssjøen.

**Oversikt:**

| Lag/organisasjon | Fordeling 2014 | Fekk 2015 |
|---|---|---|
| Bokn bedehus | 2.000 | 3.000 |
| Bokn båtforening | 3.000 | 3.000 |
| Bokn gatebilklubb | 10.000 | 10.000 |
| Bokn historielag | 1.500 | 3.000 |
| Bokn idrettslag | 66.000 | 53.500 |
| Bokn KFUK-KFUM | 25.000 | 30.000 |
| Bokn musikkorps | 15.000 | 15.000 |
| Bokn mållag | 1.500 | 3.000 |
| Bokn pensjonistforening | 1.500 | 3.000 |
| Bokn Røde Kors | 11.500 | 11.500 |
| Bokn skyttarlag | 3.000 | 3.000 |
| Bokn sykkelklubb | - | 2.000 |
| | | |
| Bokn båtforening | §7-spesielt tiltak | 10.000 |

# Kulturkalenderen

## Endringar/nye arr.

**Juli**

11. Sommarmarknad på kaien i Føresvik kl. 11:00 - 15:00
**The Kvednabekkjers m/venner spelar opp til dans om kvelden.**

**Samla arrangementsoversikt fram til jul vil først koma under KVA SKJER? på nettsidene våre, for så å koma i augustutgåva av Bokn Bygdablad.**

# Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

**Lyngvegen 8 (Gnr 9, bnr 105)** er overdradd fra Sigurd Berge til Signe Marie Berge **(05.05.2015)**

**Søre Sunnalansstraumen 3 (Gnr 19, bnr 39)** er solgt for kr 1.920.000 fra Magne Kristensen til Hilde Simonsen og Morten Støle Simonsen **(12.05.2015)**

**Andel av Føresvikvegen 19 (Gnr 9, bnr 20)** er overdradd for kr 266.000 fra Arne Vatnaland til Reidun Irene Vatnaland og Else-Rita Vatnaland Woll

**Andel av Havnavegen 46 (Gnr 11, bnr 217)** er overdradd for kr 400.000 fra Solveig Vatnaland til Reidun Irene Vatnaland og Else-Rita Vatnaland Woll **(19.05.2015)**

**Gnr 1, bnr 7** er solgt for kr 600.000 fra Erik Eikje til Jan Nordtveit og Margrete Elisabeth Nordtveit **(06.05.2015)**

**Gnr 9, bnr 180** er solgt for kr 900.000 fra Karin Cecilie Hjelmaas Larsen, Bjørn Gismervik, Thorleif Waage Gismervik, Frode Jæger Mydland, Gro Marie Mydland, Svein Mydland og Anne Grethe Jæger Tjøsvoll til Bokn kommune **(12.05.2015)**

**Andel av Gnr 24, bnr 6** er overdradd fra Torleiv Ims til Briten Lovise Ims **(18.05.2015)**

Overdragelsen omfatter også Borgenvik Hytteområde 1 (Gnr 24, bnr 23)

Overdragelsen omfatter også Borgenvik Hytteområde 2 (Gnr 24, bnr 24)

# GRATULERER!



**Lene Vatnaland - 13 år, 29. mai.**

Me vil gratulera den snille og goa jenta vår med 13 års dagen :-)

**Klem fra mamma og pappa :-)**



**Celine Steinsland - 5 år, 20. juni**

Vil gratulera den goa tantejentå mi så kjempemye med 5 års dagen 20. juni.
Tante Irene savne og e masse glad i deg!

**Stooor klem fra tante Irene.**

## Bokn Bygdablad for 25 år sidan
### FRÅ NR. 5 1990

## BLOMSTER I BRUKSHUSET

Frå hausten av har Reidun Grønnestad planar om å driva blomsterhandel i det såkalla Brukshuset i Føresvik (gamle banken).
Ho skal drøfta eit samarbeidsopplegg med Brukshuset om å driva blomsterhandel ved sida av dei andre produkta som vert omsette her.
Dersom ein får i stand ein avtale, vil Reidun ha ope kvar dag i førstninga, og dermed kan ein også kjøpa lokal brukskunst dagleg.
Reidun vil sjå tida an - kor vidt det er grunnlag for dagleg opningstid.
Ho vil selja både potteplanter og avskorne blomster pluss andre varer som naturleg høyrer med - t.d. urner o.l.
Ho meiner det er grunnlag for å få selt blomster i Bokn då det er dyrt å få det sendt for privatpersonar, og elles langt å reisa t.d. til Aksdal for å kjøpa blomster. Ho vil også bringa blomster på døra i Bokn om nokon ynskjer det.

Nå håpar Reidun på at det vert gitt dispensasjon frå Bokn Handelslag slik at ho kan få lov til å driva blomsterhandel. Bokn Handelslag har nemleg ein tinglyst rett på all handel innafor eit område i Føresvik.

# Festførestilling

Jardar Havikbotn

**Valfaggruppa "Sal & Scene" på Bokn skule heldt eit fyrverkeri av ei førestilling i Auditoriet onsdag 3. juni. Konserten var til inntekt for dei jordskjelvramma i Nepal.**

Konserten begynte med at dei 12 kreative elevane frå ungdomsskulen utan forvarsel kom med ei hyllest til læraren sin, Anne Tove Øvrebø. Ein fin gest som allereie då fekk fram smilet til både aktørar og tilhøyrarar.

## Smil

Eit smil som heldt seg heilt til det var slutt på den fine stunda, for ungdommane - to frå 8. kl., fem frå 9. kl. og fem frå 10. kl. - gav oss ein framifrå konsert, der dei brukte heile amfiet, der trygge aktørar eksponerte seg sjølve og viste smittande musikk– og danseglede.

Valentin Petunov og Maya S. Bannister viste seg å vera to svært opplagde konferansierar. Dei var også med på ulike innslag i løpet av arrangementet, som hadde fleire ingrediensar. Her opptredde elevar både som ensemble, solistgrupper og som solistar, både i song og dans.

## Imponerande

Me lot oss imponera av ungdommeleg sjarm, mot og iver. Mange gjekk skikkeleg inn i oppgåva si og det blei oppdaga fleire skjulte talent. Plutseleg sat det eit band (piano, gitar, bass og trommer), eller ein åleine bak pianoet og kompa folk som song. Her fekk elevane vist at dei meistrar fleire ting, ikkje minst då ei gruppe sat rundt eit bord og slo rytmen med plastkoppar i bordplata til songen ”Cupsong”. Berre prøv sjølv.

Rett før pause slo alle gutane seg laus med full rock’n roll i låten ”Hound Dog”. Og alle jentene tok seg ut i eit sjarmerande ”Grease”-potpurri då konserten starta opp att etter vaflar, saft og kaffi - selt av valfaggruppa "Internasjonalt samarbeid".

Underteikna blei særleg imponert over aktørane sin energi og sceneformidling i førestillinga, som ikkje hadde nokon daudpunkt. Her har Anne Tove Øvrebø gjort ein veldig god jobb. Ho sat sjølv med mixebordet og hadde full kontroll på det heile.

Valfaggruppa framførte første og siste låt som samla gruppe. Dei hadde starta med ”Lean On Me” og slutta av med ”We Are The World”. Kjempebra!

6. og 7. kl. og familiemedlemmer av dei som opptredde var publikum. Eg trur alle gjekk ut etter konserten, mektig imponerte og med eit smil om munnen.

**Slike arrangement vil me ha meir av!**



***SAL & SCENE, fv. Simmen Karoliussen, Valentin Petunov, Endre Øvrebø, Johan Rossebø, Joachim O. Paulsen, Jørgen Nilssen, Eline F. Øvrebø, Sara Oksnes, Karen D. Jøsang, Maya S. Bannister, Gina G. Johannessen og Ida Havikbotn.***

**Det kjem eige bildealbum frå konserten på bygdabladet.no bak knappen BILDE.**

# *Seier i ungdommens Hårfagreritt til Bokn SK*

**Det ble seier til Bokn SK i ungdommens Hårfagreritt. Etter at Joakim SkjeldeEirik Hallingstad fulgte hverandre mesteparten av rittet, rykket Joakim da det gjenstod rundt 500 meter.**



***Seier til Joakim Skjelde. Nr. 2, Eirik Hallingstad oppe til høyre.***

**Joakim forteller om løpet:**

*Jeg hadde som mål å vinne dette rittet, og det føltes godt å få det til.hadde tenkt ut flere scenarioer på forhånd, jeg visste at Eirik er bedre enn meg i bakkene og at jeg er bedre på flatene og har mer kjørestyrke. Det var Steinsfjellet og nedkjøringen etterpå som ville bli det mest spennende i rittet.*

*Vi kjørte i lag helt inn til Steinsfjellet. Der hang vi overraskende godt sammen, og vi var helt likt på toppen. Jeg visste også at Eirik kanskje var litt tøffere utfor enn meg, og her fikk han en liten luke. Jeg holdt meg rolig og kjørte han inn igjen der det var mindre teknisk nedover. Videre lå vi i lag på grusstrekene inn mot Haugesund.*

*Jeg visste at jeg har en bedre spurt enn Eirik, så jeg holdt meg rolig og kjørte jevnt i front. Jeg ventet til det var rundt 500 meter igjen og drog til, kom først inn og ut av siste sving borte ved Egon ned mot kaien, og tråkket til på oppløpet.*

*Det var som sagt deilig å vinne da dette var målet mitt før start. Eirik kjørte bra og han ga meg god motstand hele tida.*

Neste for Joakim nå blir Eidsvollrittene, Nærbø GP før vårsesongen avsluttes med 6-dagersrittet U6 cyclefestival i Sverige andre uka i juli.

# Bokn Opp/Ned

*Tekst: Gro Sørensen - foto: Bokn IL*

**Bokn Idrettslagmosjonsløpet Bokn/Ned laurdag 6. juni i flott ver.**

Kyrre Lindangeri gong både barneløp, som var delt inn i ei kort og ei litt lengre løype, og sjølve mosjonsløpet. løypene hadde start ved idrettshuset.

I barneløpa var det heile 30 ungar som deltok og alle deltakarane fullførte i flott stil og fekk utdelt både medaljar-diplom.

Kl. 13.00mosjonsløpet starta med 9 deltakarar som  blant anna skulle springe opp Boknafjellet og ned igjen før målgang ved idrettshuset.

For den løypa som mosjonsløpet har per i dag og har hatt sidan 2012 ser det ut for at Thomas Finshus har løyperekorden med 34.08 min.  I 2012 gjennomførte han på 34.30, i 2013 på 34.21 og nå i 2015 på 34.08. Han deltok ikkje i løpet i 2014.



*NY DELTAKINGSREKORD: 30 ungar fordelt på to barneløp.*

I 2014 vann Håvard Austevoll på tida 34.58.

Dette vil Bokn IL sjekke nærmere.

Det var ein vellykka dag og arrangement og ein håpar på at det blir fleire deltakarar neste år.

Takk til alle som har gått dugnad for å få avvikla mosjonsdagen.




*Ni deltakarar på mosjonsløpet.*

**Resultat:**

Vinnar av barneløp rundt fotballbanen: **Stian Øvrebø**

Vinnar av barneløp Idrettshuset/Coop'en/Boknatun/Idrettshuset: **Trym Karoliussen**

**Liste, Bokn OppNed:**

| Løp plassering: | Deltakarnamn: | Tid for målgang: |
|---|---|---|
| 1. plass | Thomas Finshus | 34.08 |
| 2. plass | Morten Vestvik | 41.45 |
| 3. plass | Jørgen Nilssen | 42.25 |
| 4. plass | Inger Johanne Klokset | 46.59 |
| 5. plass | Terje Larsen | 47.17 |
| 6.plass | Egil Sørenes | 50.33 |
| 7. plass | Sigmund Aas | 51.16 |
| 8. plass | Arvid Søndeland | 59.13 |
| 9. plass | Evelyn Sørenes | 1.00.25 |



*Vinnar Thomas Finshus i farta.*

# Bokn idrettslag informerer

**7. juni gjennomførte Bokn mix6 åtte kampar med to lag og 10 spelarar på Kårstø-cupen.**

Strålande innsats etter kun tre treningar. Stor spelarglede på ein flott cup som gir dei meirsmak for vidare spel!




# Landslagsløpar

Jardar Havikbotn

**Janne Elin Vatnaland fekk sølvmedalje med det norske landslaget under Nordisk landskamp i Stockholm Marathon 30. mai.**

Boknaren, som også tok sølv i NM i fjor, gjorde sitt nest beste maratonløp til nå i karrieren, sjølv om det var tunge forhold. 2.55.32 var berre drøye minuttet bak personleg rekord. Men løpet inneheldt likevel ny pers. Halvvegs hadde ho nemleg slått bestetida si på halvmaraton. I mål blei ho nr. 15 av rundt 4.000 damer, ein fantastisk prestasjon!

Klubbvenninna i Spirit - Stavanger Fiidrettsklubb, Ann-Kristin Mosbron frå Kopervik, gjorde det endå betre. Ho sette ny personleg rekord og blei nr. 12 av damene med tida 2.53.41.

Dagleg leiar og hovudtrenar i friidrettsklubben, utflytta boknar Einar Søndeland, er sjølvsagt hoppande glad og kry over dei flotte resultata, noko det er all grunn til å vera.

**Bokn Bygdablad gratulerer med bragden!**




***Janne Elin Vatnaland i aksjon under Stockholm Marathon 2015.***

***Foto: Kjell Vigestad.***

# Bokn SK-sesongen i gang for fullt

Lars Øyvind Alvestad

Sesongen er for alvor i gang. Bokn SK har vært representert på mange ritt, både lokalt og nasjonalt denne perioden.

Vi går nå inn i juli, som er en rolig periode på kalenderen. Vi vil da prøve å få i gang fellestreningene igjen. Følg oss gjerne på facebook for løpende oppdateringer.

**Her er en oppsummering av mai og Juni, vi takker for god innsats i vårsesongen, og satser på like god driv når sensommeren og høstsesongen er i gang. God lesning!**

**Fana 3 dagers**

Fana 3 dagers ble arrangert i pinsehelgen med 4 ritt. I M15-16 var det et sterkt felt samlet til start. 35 ryttere fra hele landet.

Det startet på lørdag med Lønningsrittet som er en rundløype på 2,6 km



som ble kjørt 10 ganger av M15-16 og 11 ganger av Master klassene. Farten var høy og det ble spurt i M15-16 der Joakim kom inn på 10 plass 5 sekunder bak vinneren.

Undertegnende hadde fulle hyre med å henge med hovedfeltet inn i Masterklassen 30+ etter at det ble brukt mye krutt for å prøve å komme med i brudd de første runder.

Søndagen ble det kjørt Rådalen rundt, 6 km løype. M15-16 kjørte 5 runder i vanlig Vestlandsvær med regn og vind.
Her ble det 11. plass i spurten på Joakim som gikk i slak motbakke. Som planlagt sto han av etter ritt 2 for å prioritere trening resten av helgen.

**Tour des Fjords**

Tour des Fjords er et UCI etapperitt som går over 5 etapper
Vi fikk mulighet til å få et glimt av eliten under årets Tour des Fjords. På 2.etappen, 28. mai, som gikk fra fra Jondal til Haugesund – 205km - fant vi en fin plass på aksdal der vi skulle få et glimt av proffene når de nærmet seg målgang i Haugesund.




Været spilte ikke på lag denne dagen, men man tenker da at syklistene tross alt har trosset dette været hele dagen, så da var det ikke så aller verst å være tilskuer heller. Når hovedfeltet kom til Aksdal hadde de god fart, tett etterfulgt av følgebiler, og med et lite blunk så var de forbi vårt utkikkspunkt. Alexander Kristoff gikk av med seieren etter en formidabel spurt. Veldig kjekt ritt som skaper liv og røre i lokalsamfunnet
3. etappen 29. mai, gikk fra Stord til Sauda, via Haugesund. Denne fikk dessverre ikke undertegnede se, da vi var på vei til Kristiansand for å sykle til Hovden.

**ColorLine Setesdal Tour 2015**

Bokn SK hadde 8 ryttere til start til årets CLTS, startende i 3 forskjellige puljer. 210 km med "motbakke" fra Kristiansand til Hovden skulle beseires.
Her er en liten oppsummering av rapportene fra hver enkelt pulje vi hadde syklister i. Du kan lese mer utfyllende rapport på våre nettsider, www.boknsk.no

**Superspeed**

Kjell Olav stilte til start sammen med cirka 40 andre i puljen "superspeed". Her var målet å komme i mål på tiden 05:30. Men dette er en pulje der det sykles for å komme fortest mulig til mål, så hver enkelt er litt på engen hånd, faller man av, så er løpet kjørt, da gjelder det å komme seg til mål.




**Kjell Olav** måtte etter hvert, pga manel på mat underveis falle litt av resten av puljen og kom til slutt inn på tiden 06:07:52.

Det må sies å være veldig bra ettersom det er hans første lange ritt på 3 år, samt en del motvind underveis.

**6,5 timers pulje med kaptein**

Fredrik Faye, Terje Hognaland, Trond Foss, Ronny Taraldlien og Helge K. Nilssen stilte i 6,5 timers puljen med kaptein, målet var da naturlig nok



*Fv. Trond Foss, Terje Hognaland, Helge K. Nilssen, Ronny Taraldlien og Fredrik Faye.*

som navnet tilsier, å komme i mål på 6,5 timer.

Det var ei pulje på cirka 60 ryttere, og 2 kapteiner fra Kristiansands Cykle-klubb. Kapteinene holdt orden på rulla, tempo og lengden på matstop-pene.Sluttiden til puljen ble 06:44:35

**Morgenfuglene - 10t med "Team Challenge4you"**

Lars Øyvind og Kjetil syklet opp til hovden sammen med team Chal-lenge4you. Et konsept der man tar bort litt av tidspresset og heller nyter turen litt.
Det var 22 ryttere i laget, hvor det var en god blanding av erfarne rytte-re og helt ferske (for noen var dette deres første ritt noen gang). Vi skulle holde et helt rolig tempo, og målet var at alle skulle i mål, samlet.

Det ble kjørt rulle helt fremst, og resten lå i en stor sekk bak, som dro nytte av at rulla tok av for vind, og lagde dragsug.
Alle kom i mål samlet til tiden 08:48.

**Hårfagrerittet**

Det lokale rittet, Hårfagrerittet, 71km - som går fra Kårstø til Haugesund, gikk av stabelen 06.juni. Bokn SK hadde her 8 ryttere på startstreken fra Kårstø, samt at Joakim stilte til start i ungdomsrittet, som hadde start på frakkagjerd. Været var absolutt med oss denne dagen, og det skapte en flott ramme rundt rittet. Til tross for at det hadde regnet godt i ukene før, så var det kun et parti som var gjørmete.

Beste rytter fra BSK var Fredrik Faye, med tiden 02:50:50 – Det holdt til en 83. plass

Det ble seier i ungdomsrittet, der Joakim Skjelde vant med tiden 01:03:38, 5 sekunder foran Eirik Hallingstad. Disse to fulgte hverandre stort sett gjennom hele rittet, men Joakim hadde nok å gi da det gjenstod 500 meter og gikk seirende ut av duellen. **(Se s. 22 - red.mrk.)**

Vi gratulerer!

**Nordsjørittet**

Norges 2. største terrengritt som går fra Egersund til Sandnes, med en lengde på 91 km.
Været var også denne helgen perfekt for sykling, men litt motvind var det, så kombinert med noen små endringer i løypen ble det ikke noe nye løyperekorder i år.
Bokn SK hadde 6 ryttere til start i forskjellige puljer. Igjen var beste mann fra BSK Fredrik Faye. Han utviste også eksemplarisk holdning når han stoppet for å utføre førstehjelp på en rytter som hadde hatt et uhell.
Det er ofte et jag etter å slå sin egen tid, men ser man noen som trenger assistanse så skal man stoppe og hjelpe, Veldig bra Fredrik, du går foran som et klasse-eksempel!




*Fredrik Faye i mål.*




*Kjetil Vatnaland ved målgang.*

**NorgesCup på Eidsvoll**

Hele norgeseliten var samlet på Eids-voll andre helgen i juni. I M15-16 var det 104 stk til start både på den indi-viduelle tempoen som gikk på lørdag og fellesstarten søndag. Joakim kjør-te en bra tempo, og var et lite minutt bak vinneren på 10,7 km. Det er tett i toppen så det ble en 34 plass til slutt, men Joakim satt personlig rekord og hold gode 41km/t i snitt på de 10,7 km.



På felles-starten søn-dag ble det kjørt 4 run-der på 18,5 km. Her gikk det fort og snittfarten var på over 42 km/t. **Joakim** satt fint med i feltet, men var uheldig og punkterte på den siste kilometeren. Han kom inn med feltet til en 26. plass med nesten flatt hjul.

*Er du interessert i å prøve ut sykling, ta gjerne kontakt for en god sykkeldrøs.*

*Sykling er en svært skånsom idrett for ledd og muskulatur. Vi har plass til alle, uansett ambi-sjonsnivå eller formål.*

*Følg oss gjerne på Facebook (facebook.com/boknsk), og våre nettsider (boknsk.no).*

*Er du ute på sykkeltur og er på instagram, merk gjerne bildet med **#boknsk***

Saksa frå Tysnesbladet:

# Idrettsleiar vil ha fleire inn i korpset

Kristine Næss Thorsen

**Fotballtrenar Geir Austvik meiner born har alt å vinna på å vera med i korpset. Han får støtte frå forskning.**




*ENGASJERT: Til vanleg jobbar Geir Austvik som fysioterapeut.*

– Me må framsnakka korps. Eg er genuint oppteken av borne- og ungdomsarbeid, og gevinsten ved å vera med i musikken er stor, seier Geir Austvik.

Han har tidlegare vore fotballspelar for Brann i øvste divisjon i norsk toppfotball, og er no fotballtrenar for born på Tysnes. Likevel er han oppteken av å framheva alle fordelane ved å vera korpsmusikant, idretten sin største konkurrent.

– I korpset lærer ein seg å øva. Her blir ein pluss ein meir ein to. Ein får betre konsentrasjon, samspel og rytme. Dessutan er det godt dokumentert at borna som er med i korps blir flinkare på skulen. Eg synest godt at fleire born kan vera med i korpset, meiner Austvik.

**Betre minne**

Han får støtte frå forskning. I ein studie frå 2011 viste til dømes testing av personar mellom 60 og 83 år at dei som hadde spelt eit instrument i ti år eller meir, hadde betre minne enn dei utan nokon form for musikalsk bakgrunn.

– Musikktimar kan begrensa kognitiv svikt, sa nevropsykolog Brenda Hanna-Pladdy, som leia studien til «Scientific American». Den ble gjennomført ved Emory University og inkluderte meir enn 70 testpersonar. I samband med studien sa forskar på minne og redaktør for Tidsskrift for Norsk Psykologforening, Pål Johan Karlsen til NRK.no, at studien var heilt i tråd med anna forskning. Tidlegare studier viser at det å læra seg nye ferdigheiter endrar hjernen på ein måte som kjem deg til gode på sikt.

– Det å spela eit instrument er ei krevande oppgåve, som involverer mange delar av hjernen. Ikkje minst krev det terping å få eit stykke til å sitja. Denne disiplinerande sida er kanskje undervurdert, sa han.

**- Ingen reservebenk**

Fotballtrenar Austvik er også oppteken av at det ikkje er nokon reservebenk i korpset. Her får alle vera med, seier han.

– Når tilbodet ligg der, må ein nytta seg av det. Ein vil ha glede av resten av livet, seier han.

Den pensjonerte fortballspelaren meiner alle born har tid til å øva tjue minuttar kvar dag.

– Ein kan leggja vekk Ipaden. Foreldra kan også vera flinke til å minna borna om at dei må øva. Dessutan er det greit med fleire bein å stå på. Som foreldre bør ein gje borna innblikk i litt musikk og idrett, så får dei velja seinare kva dei vil sjølv, meiner Austvik.

– Mange foreldre assosierer korpset med dugnadar og mykje stress. Kva vil du seia til dei?

– Det er ein myte. Mange trur det, og sjølvsagt er det litt å følgja opp, men det er ikkje så masse å gjera. Samstundes ligg det litt i oppgåva som forelder å følgja opp borna sine fritidsaktivitetar, seier Austvik.

**Snart NM**

Han kan sjølv spela litt slagverk og litt piano, og har tre jenter som har vore med i både korps og idrett. Til helga skal Austvik vera med som forelder når Tysnes skulekorps skal spela i Norgesmeisterskap for skulekorps i Stavanger.

– Det blir veldig kjekt. Eg gler meg til det, seier han.

# Fyren bustadfelt på Bokn

**Kontakt servicetorget, tlf. 52 75 25 00 eller post@bokn.kommune.no**




**Sju einebustadtomter for sal**

(Endeleg storleik er klar etter oppmåling)

Tomt 1-3 (storleik ca. 0,8 daa) - pr. tomt kr. 734.000

Tomt 4,5,6,8 (storleik ca. 0,7-0,86 daa) - pr. tomt kr. 614.000

**Sjå elles Bokn kommune sine reglar for tildeling av tomter i Fyren bustadfelt, www.bokn.no**



## Sommarope bibliotek



| | |
|---|---|
| Ope i sommar: | måndag 27. juli |
| | måndag 03. august |
| | måndag 10. august |
| | måndag 17. august |

Biblioteket har vanlege opningstider frå måndag 24. august.

# Bokn seniordans

vil starte opp den 01. september, på skolen. Det er ikke krav, eller nødvendig med noe forkunnskap. Alle som er ny vil bli tatt godt vare på, og få nødvendig veiledning fortløpende. Hensikten med seniordans er først og fremst å ha det hyggelig og trivelig sammen, så er det trim for både kropp og sjel til smektende musikk.

Ingen verken er ellers skal bli verdensmester.

Så jeg håper å se nye medlemmer og vil ønske alle, både nye og gamle deltakere, HJERTELIG VELKOMMEN.

Er det noen som lurer på noe, er jeg på tlf 90785943

***Anne Lise Hoffmann***

# Gla`trimmen

***Ei sunn sjel i ein sunn kropp gjev kvardagslukke; non stop!***

Gla `trimmen held fram i sitt vante modus og vi ynskjer alle, både kjende og ukjende, hjarteleg velkomne til ein ny sesong f.o.m torsdag 27.august 2015 i gymsalen på Bokn skule.

Nærmare informasjon om treningstidspunkt (klokkeslett) vil verta annonsert i Bygdabladet i august samt på kommunen si heimeside under «Folkehelse – Nyhende».

Har du spørsmål er du velkomen til å ta kontakt på telefon 52 75 25 13 eller på e-post

anne.elisabet.askeland@bokn.kommune.no

**Vel møtt alle!**


**MÆLAND BYGG**

**NYBYGG & REHABILITERING**

**BOKN BYGG** VESTLANDS HUS

Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

**Utfører:**

Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.
Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.
Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.
Leverangdør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.

**Jan Magne Mæland 90565245**
**Tor Henning Mæland 95221191**
**Mail: jmm@maeland-bygg.no**




## Ope bygdemuseum på sundagar også sommaren 2015

På same måten som dei føregåande somrane, blir det også i år halde ope i bygdemuseet på Håland kvar sundag frå den 28. juni til og med den 09. august. Opningstida er frå kl. 13.00 til kl. 16.00.

Opplegget med sommarope museum er eit samarbeid mellom Bokn historielag og Bokn kommune, kor historielaget stiller med vakter.
Det har vore varierande frammøte, men samla sett har det vore så bra at me vel å halda ope, og håpar det blir like godt frammøte som tidlegare.

**Marknadsdagen i Føresvik 11. juli:**

Bokn Arbeidarparti har stand heile dagen. Ta turen innom for ein kopp kaffi og ein drøs. Våre kandidatar er interesserte i å høyre kva saker du meinar er viktige. Er du opptatt av kommunesamanslåing, har idèar om kultur- og miljøsaker, er opptatt av tiltak for å få ungdommen tilbake til Bokn eller gode tiltak for dei eldre i bygda – då vil me gjerne ha besøk av deg!

Velkommen innom oss på Marknadsdagen!

**Bokn Arbeidarparti**

MED HJERTET I BOKN.

Blink!

Foto: Kristin A. Eide



***Nokon gonger får du meir med på bildet enn du trur når du tar det, slik som Kristin A. Eide fekk frå Boknafjellet. Flott natur, vatn, sjø, bru, båt, bilar, "traktoregg" og firbeint linselus på ein gong er slett ikkje verst.***

*Hjertelig takk for blomar og gode klemmar på min 90-årsdag*

*Borgny Kro*

I forbindelse med ferieavvikling vil NAV Bokn være stengt mandag 29. juni og fredag 3 juli i uke 27. Mandag 6. juli og torsdag 9. juli i uke 28.

Søknad om nødhjelp kan disse dagene leveres på servicetorget. Øvrige henvendelser rettes til NAV kontaktsenter på tlf. 55553333. Hvis det er et prekært behov for å snakke med en saksbehandler i forhold til statlige ytelser, så er det mulig å ta kontakt med NAV Tysvær.

***Bengt Krystad***
***Leder NAV Bokn***

## PENSJONISTFORENINGEN, HAUSTEN 2015

**27. aug:** Kåseri v.Sigmund Hansen
Daniel med trekkspill

**24. sept:** Alfred Hauge-slik jeg husker han
v. Else Norheim
i samarbeid m. Folkeakademiet i Rogaland
Daniel med trekkspill

**29. okt:** Eldrefest
Bjørn Kallevik og Halvard Josefsen
underheld m. "Eg fant ein sang"
samarbeid m. Folkeakademiet i Rogaland
Påmelding 14 dagar før til: 975 45 063

**26. nov:** Førjulskos
Sigmar Myhre - kåseri om juletradisjonar
Ida Havikbotn - sang
Arne Aurdal - ord for dagen
Daniel og Sigmund - trekkspill og fele

Alle møter startar kl. 17.30

***Helsing styret***

| LAG/ORGANISASJON | LEIAR | E-POST | TLF. |
|---|---|---|---|
| Austre Bokn Bygdalag | **Silje Aksdal** | **geiaks@online.no** | **91532843** |
| Bokn Arbeidarparti | Kyrre Lindanger | kyrre_lindanger@hotmail.com | 91671726 |
| Bokn bedehus | Sigmund Alvestad | sigmund@kleivaa.no | 99513972 |
| Bokn bondelag | Torstein Alvestad | torstein@kleivaa.no | 97155627 |
| Bokn båtforening | Kaj Arne Christiansen | kajch89@hotmail.com | 90960035 |
| Bokn Computer Gathering | Vegar Våge | vegar@vpcs.no | 48035182 |
| Bokn danse og ungdomslag | Helge Solberg | helgesolberg@yahoo.no | 41208066 |
| Bokn fiskarlag | Edgar Våge | edgarvaage62@gmail.com | 45030004 |
| Bokn Gatebilklubb | Odd Kenneth Tollaksen | odd.kenneth.tollaksen@gmail.com | 93087679 |
| Bokn Hagelag | Silje Aksdal | geiaks@online.no | 91532843 |
| Bokn Historielag | Reidar Alvestad | reidalv@online.no | 45691081 |
| Bokn Høyre | Eiliv Staalesen | eiliv.staalesen@telle.no | 91520102 |
| Bokn Idrettslag | Tore Lund | to.lund@online.no | 47465095 |
| Bokn KFUK-KFUM speidarar | Svein Ove Alvestad | svein.ove.a@haugnett.no | 99513972 |
| Bokn Kristelege Folkeparti | Sigmund Alvestad | sigmund@kleivaa.no | 99513972 |
| Bokn MC | Jostein Larsen | jglarsen@haugnett.no | 47866141 |
| Bokn musikkorps | Odd Grønnestad | | 90071868 |
| Bokn Mållag | Venevil Birkelund | venevil.b@vindafjord.kommune.no | 98439214 |
| Bokn Næringsforum | Helge Solberg | helgesolberg@yahoo.no | 41208066 |
| Bokn Pensjonistforening | Gunnvor Eiksund | jeiks@online.no | 97545063 |
| Bokn pistolklubb | Jørn Hansen | boknpistolklubb@gmail.com | 47444221 |
| Bokn ride og køyreklubb | Emile Moi Eikje | Emilie.eikje@gmail.com | 93216339 |
| Bokn Røde Kors | Lars Øyvind Alvestad | la-oal@online.no | 94261301 |
| Bokn Sanitetsforening | Reidun Grønnestad | | 97544010 |
| Bokn Sau og Geit | Geir Aksdal | geiaks@online.no | 90954910 |
| Bokn seniordans | Anne Lise Hoffmann | svanos2@online.no | 90785943 |
| Bokn Senterparti | Rune Vatnaland | ruvatn@online.no | 91158547 |
| Bokn skyttarlag | Edgar Våge | edgarvaage62@gmail.com | 45030004 |
| Bokn sykkelklubb | Lars Øyvind Alvestad | la-oal@online.no | 94261301 |
| Bokn vevstove | Wenche Jøsang | ar-joes@online.no | 98078351 |
| Den indre Sjømannsmisjon | Svanhild Alvestad | svanhild@kleivaa.no | 93415440 |
| Det norske misjonsselskap | Edvin Øvrebø | | 48356520 |
| Føresvik velforening | Audun Høie | audhoi@hotmail.com | 41647754 |
| Havnavegen velforening | Ingleif Kro | ingleifk@gmail.com | 48179751 |
| HLF Tysvær og Bokn | Anne Grete Stake | agret-st@online.no | 48009141 |
| LHL Tysvær og Bokn lokallag | Tove Karin Høgemark | lhl.tysvaer-bokn@lhl.no | 99619340 |
| Petra fritidsklubb | Cecilie Odland | cecodl@boknskule.no | 91654216 |
| Pluggen Motorklubb | Artur Trosnavåg | r_trosnavaag@hotmail.com | 91198937 |
| Sjømannskirken Norsk kirke i utlandet | Elly Borgenvik | | 90647166 |
| Tysvær og Bokn bonde– og småbrukarlag | Vivian L. Huglen | | 93230101 |


BOKN BIBLIOTEK
Me opnar 25. august
Tysdagskafé
- slekter, nupereller og andre pimperneller; kafeen for ein kvar smak!
Kvar tysdag kl. 09.30 - 13.30 på Bokn bibliotek
Gratis kaker og kaffi
Velkommen!

# TellTur; fordi det er jysla kjekt!

Ta turen eit steg vidare: Bli Telltur –turgåar du også!

**Kva er TellTur?**

TellTur er friluftsråda sitt elektroniske system for turregistering (postkassetrim). På friluftsråda sine sider kan du finna turmål og registrere resultata dine. Konkurrer med deg sjølv eller med andre turgåarar om å nå fleire mål. Klikk «Velg turmål»/ «Finn turmål» og klikk deg fram til ditt område for å sjå kva turmål som finst og bli med på tur!

For detaljert info:
www.telltur.no og
http://telltur.no/hjelp

**Ansatt i Bokn kommune?**

I tillegg til at vi håpar at du registerer deg som Telltur-turgåar, vert du no invitert til også å delta i Bokn kommune sin interne konkurranse for ansatte.

Konkurransen går kort og godt ut på å konkurrere med deg sjølv og med kollegaene dine om å:

***Gå flest TellTur –turar både på Bokn og andre stader på Haugalandet!***

Det vil i tillegg verta ei ekstra – trekning blant dei som har flest poeng.




***Foto: Anne E. Askeland***

***Konkurransen foregår i perioden 01.juni 2015- 01.september 2015.***

***Lever ei utskrift over turane dine til folkehelsekoordinator***

***Anne Elisabet Askeland innan***

***15. september og ver med i trekninga av eit gavekort pålydande kr. 1 000,- .***

***Poengkonkurransen vert honorert med eit gåvekort a kr. 500,-.***

*(Du finn oversikta di under «Mine turmål»; ta utskrift frå denne sida som dokumentasjon på deltaking i intern konkurranse.)*

**Gjer turen til noko meir!**

Tell den. Tell helse. God tur!

***Vinnaren av konkurransen vert annonsert som seg hør og bør både via e-post til alle ansatte samt i Bokn bygdablad.***

***Spørsmål? Ikkje nøl med å ta kontakt:***

***anne.elisabet.askeland@ bokn.kommune.no***

## Flott St. Hans- og jubileumsfeiring

Bokn KFUK-KFUM-speidarane sin 25 års-jubileumsmarkering på St. Hans-aftan blei ei fin og minnerik oppleving, og alt gjekk etter planen sjølv om nordavinden gjorde sitt for å hindra dette.

Bokn Bygdablad kjem tilbake til midtsommarfesten i augustutgåva.

***- redaktøren -***




***Foto: JH***

# TRYGG BRUK AV STIGE

**Sommaren står for dør og dermed startar sesongen for utandørs vedlikehald i heile Noreg. Kvart år skjer ei rekke alvorlege ulukker på grunn av uvettig bruk av stige. Med litt omtanke kan ein unngå slike ulukker.**



**FALLULUKKER GENERELT**

Fallulukker utgjer over halvparten av dei alvorlege fritidsulukkene i Noreg. Innan idrett og leik er slike ulukker i mange høve ikkje til å unngå. Dei fleste foreldre vil likevel førebyggje alvorlege fallulukker hos sine barn. Aktivitetar der ein bruker sykkel, rulleskøyter, rullebrett og trampoline kan lett føra til alvorlege fallulukker. Ved å bruka sikringsutstyr kan ein hindre at eit fall får alvorlege følger. Sportsforretningar kan utstyra oss med sykkelhjelm, sikringsutstyr for handledd, albuar og knær, samt sikringsnett for trampoliner. Det viktigaste er likevel at ein er klar over faremoment og bruker sunn fornuft.

**ULUKKER MED STIGE**

Me har ikkje god nok statistikk korkje lokalt eller nasjonalt til å seia noko sikkert om kor mange alvorlege ulukker me har på grunn av fall frå stige og stillas. Dei fleste av oss har nok likevel opplevd både ulukker og nestenulukker i samband med arbeid der me er for korte og må bruke ulikt utstyr for å nå høgare opp. Dei fleste ulukkene skuldast uvettig bruk av utstyret.






**SUNN FORNUFT**

"Klok av skade" seier eit ordspråk, men det kan verta dyrkjøpt lærdom. På internettsida

http://www.klikk.no/bolig/article664713.ece kan ein finna gode tips om bruk av stige og stillasutstyr. Ta ein kikk på denne internettsida og du vert "klok før skade".

**SIKKERT UTSTYR**

Eit stillas gjer malingarbeidet trygt og effektivt – og koster ikkje allverda å leige. Dersom ein skal høgt opp er ein hudraulisk lift ideell.

**Beste helsing folkehelsekoordinator og kommuneoverlege Bokn kommune**



altibox

Ekte fiber helt hjem til deg!
**Bestill på haugnett.no**

HAUGALAND KRAFT

Statens vegvesen

# Høyring av forslag til reguleringsplan

**E39 Rogfast, Arsvågen** | vegvesen.no




Statens vegvesen har utarbeida forslag til områderegulering for næringsområde/ masseutfylling ved Arsvågen i Bokn. Med bakgrunn i § 3-7 i plan- og bygningslova legg Statens vegvesen dokumenta ut til høyring og offentleg ettersyn.

Planarbeidet er utført i tråd med Bokn kommune si fastsetjing av planprogram 24. juni 2014.

Hovudmålet med planen er å gje ei samfunnmessig god bruk av overskotsmassar frå Rogfast-tunnelen.

Dokumenta fins på www.vegvesen.no/vegprosjekter. Klikk på Offentlige høringer. Dokumenta finn du også på heimesida til Bokn kommune, samt på Boknatun (kommunehuset).

Vi ber om eventuelle merknader **innan 20.08.2015.** Send det skriftleg til Bokn kommune: Boknatun, 5561 Bokn eller post@bokn.kommune.no

Har du spørsmål om planarbeidet, kan du kontakte Bjørn Åmdal tlf. 950 33 506, eller på e-post bjorn.amdal@vegvesen.no

coop marked

# STORT
## SOMMARMARKED
## PÅ KAIEN I FØRESVIK

coop marked




Velkommen til en hyggelig dag på

# Bokn!

Elias kommer!
Kommer du?



coop marked
9-18 (16)

# KFL bil og utleige

| | | |
|---|---|---|
| Utleige av stillas | frå | 500 kr. pr.v. |
| Utvendig lakkrens av bil | frå | 2.500 kr. |
| Innvendig reingjering frå | | 500 kr. |
| Skinnpleie | frå | 500 kr. |
| Desinfisering av klimaanl. | | 500 kr. |

**Utleige av minigravar 2500 kg**

| | |
|---|---|
| Pris døgn | 1.000 kr. + mva |
| Pris veke | 5.000 kr. + mva |
| Pris pusseskuffe | 150 kr. + mva |
| 3.500 hengar, døgn | 400 kr. + mva |

**Nytt!**
Smøreoljer til alle formål.
T.d: 2 taktsolje, motorolje, hydraulikkolje, sagkjedeloje osb.

**Kjell Frode 907 83 797**
**John Magne 909 24 964**
**@: kjellfrode75@hotmail.com**

RYMAX LUBRICANTS
MADE IN HOLLAND



# NEDREBØ
**MASKIN & TRANSPORT**

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

**Telefon: 94 98 63 64**



Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

Kjell Frode Lie
907 83 797
John Magne Lie
909 24 964



# Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop Marked Bokn.

Opningstider blir varsla med oppslag på døra og på Facebook-sida vår.

Helsing
Elisabet & Annette
469 59 513 - 913 28 258





# Trovåg Elektro

Gammelt sikringskap?





KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no



# BOKN BYGDABLAD

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 424,- pr. år, 607,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

**Bygdabladnemnd**
Elisabet Taraldlien
Kjetil Hamre
Hanne Marte Vatnaland

**Stort framsidebilde:**
Festførestilling, sjå s. 21
Foto: Jardar Havikbotn

**Foto, omslag:**
Jardar Havikbotn

**Gjeldande annonseprisar**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Heilside | kr. 2.000,- | 1/8 side | kr. 250,- |
| Halvside | kr. 1.000,- | Privatann. | kr. 100,- |
| Kvartside | kr. 500,- | Nettannonse | kr. 100,- |
| | | Fastannonse | etter avtale |

## Næringsliv





Velkommen til Hårsmia for ny trendy sommer-look!

Hårsmia tar ferie fra 27. juni til 10. august. **Har åpent 5. aug.**

Ønsker alle en god sommer.

Åpent alle hverdager inkludert lørdager etter avtale.

Mvh.
Hårsmia/Mona







## Div. tenester

**DAGSENTERET**

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Torny Rossebø - aktivitør**

**NAV BOKN**

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

**Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33**

**Bengt Krystad - leiar**

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30 - 15.00

**Me kan t.d. hjelpa deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10**
**52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**

**LANDBRUKSKONTORET**

Det er slutt på kontordag på Boknatun.

Du kan kontakta landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

**BOKN TANNKLINIKK**

**Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10**

**Tlf. 52 75 25 80**

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

Prøv ein annonse i Bokn Bygdablad

## Bokn legevakt 52 74 85 22

**BOKN LEGEKONTOR**

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

**Jan Schille - lege**

**PSYKISK HELSETENESTE**

Kontortid mellom kl. 08.00 – 15.30 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

E-postar:
henriette.lindanger@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

**HELSESØSTER**

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

**JORDMORTENESTA**

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

**Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61**

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

**BOKN FYSIOTERAPI**

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

**BOKN FOTTERAPI**

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

**A-Blad**

**Returadresse:**
**BOKN KOMMUNE**
**5561 BOKN**

